



Erling Kleiveland  
Osterøyvegen 3842  
5284 TYSSEBOTNEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2529 - 23/18988

Saksbehandlar:  
Runar Ludvigsen  
runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Dato:  
24.08.2023

## Søknad om skjenkebevilling i samband med firmafest 02.09.2023 - administrativt vedtak (ambulerande)

### Administrativt vedtak:

Saknr: 024/23

### Vedtak

Kleiveland Gard, org.nr. 915633935, v/ Erling Kleiveland, får medhald av alkoholova § 1-6 innvilga søknad om skjenkebevilling for alkoholhaldig drikk inntil 60% alkoholinnhald i samband med firmafest 02.09.2023 ved Kleiveland Gard på følgjande vilkår:

Deltakarar: om lag 45 personar

Skjenkestyrar: Erling Kleiveland, f. 23.07.1945

Stedfortredar: Ingfrid Andersen, f. 02.03.1950

Skjenketid: kl. 17.00 –kl. 01.00

Skjenkestad: Kleiveland Gard

Den som serverer eller sel alkoholsvak eller alkoholhaldig drikk må ha fylt 18 år, og det må ikkje skjenkast/serverast til personar under 18 år. Sal- og skjenking må skje i samsvar med alkoholova med tilhøyrande forskrift.

Arrangøren er ansvarleg for tilstrekkeleg vakthald på området. Eventuelle pålegg frå politiet må følgjast.

Løyvehavar er ansvarleg for ro og orden på skjenkeområdet.

Skjenkeavgift: kr 420,- må vera betalt før løyvet er gyldig. Giro vert sendt frå økonomikontoret.

**Saksutgreiing:**

Kleiveland Gard, org.nr. 915633935, v/ Erling Kleiveland, søker om skjenkeløyve i samband med firmafest 02.09.2023

Uttale frå politiet er motteke utan merknad.

Kleiveland Gard har permanent skjenkeløyve for alkohol gruppe 1 og 2, og søker i denne samanheng berre om utvida skjenkebevilling for også gruppe 3.

Tilstrekkeleg vakthald på området må organiserast i samråd med politiet.

Rådmannen kjenner ikkje til høve som tilseier avslag på søknaden og den vert difor innvilga

Med helsing

Ingvild Kristi Hjelmtveit  
Kommunedirektøren

Runar Ludvigsen  
Rådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.